

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.8.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om garnkort til hytta

Saksopplysning

Solveig Kvakestad har i e-post datert 5. juli søkt om at Steinbergdalshytta får kjøpt eit garnfiskekort som kan nyttast av dei tilsette, d.v.s. at kortet står på hytta, ikkje på kvar einskild av dei som skal fiska. E-posten lyder slik:

Hei

Jeg ble oppfordret til å sende en søknad til Fjellstyret om «utvidet fiskekort for garnfiske» for Steinbergdalshytta. Det er et ønske at Steinbergdalshytta får kjøpe fiskekort for garnfiske som ikke er personlig. Dvs at de som er ansatt her kan fiske med garn for Steinbergdalshytta uten at jeg som eier er med.

Er det mulig å få til en slik ordning?

I følgje søkeren er noko av tanken bak dette å skaffa fisk som kan inngå i matserveringa på hytta. Det kan gjennom sesongen vera ein del utskifting av personale på hytta. Fleire av dei som jobbar på hytta i sommarsesongen er busette utanfor kommunen, og såleis å rekna som utanbygdsbuande. Eigaren av hytta har høve til å kjøpa sesongkort for garnfiske som innanbygdsbuande.

Fiskereglane for Aurland statsallmenning ligg ved. Her er det § 7 om fiskelag og § 10, om vatn der utanbygdsbuande kan få kjøpt garnkort, som er aktuelle i denne samanhengen. Fjellstyret har opna for garnfiske for utanbygdsbuande i Vestredalsvatnet, Vetlebotnvatnet og Katlamagasinet.

Kap. 12 i fjellova, §28, har bestemmelser om kven som har rett til fiske i statsallmenning. Her står det m.a. at fjellstyret kan gje slikt løyve (garn- og oterfiske) også for andre enn innanbygdsbuande, når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan rekna til vera til skade for fisken i vassdraget. I § 29 står det m.a. at fiske i statsallmenning berre kan drivast mot løysing av fiskekort og betaling av avgift.

Korkje fjellova eller dei lokale fiskereglane fastsett av fjellstyret har med noko særskilt om den typen fiskekort som det vert søkt om her, altså kort utskrive til firma eller institusjon, ikkje til namngjevne personar. Spørsmålet er om det vil vera heimel i fjellova til å praktisera ei slik ordning. Spørsmålet er teke opp med fjellstyresambandet. Eit eventuelt svar frå sambandet vert lagt fram i møtet.

Vurdering

Det er positivt viss fiskeressursane i allmenningen kan nyttast på ein måte som styrker næringslivet, i dette tilfelle drifta av turisthytta. Samstundes må fjellstyret vera merksam på at det kan vera ein fare for ei viss utvatning av fiskekortordninga, dersom den typen ordningar det er søkt om her skulle verta vanleg. Det kan vera aktuelt å krevja som eit minimum at dei som står for turisthytta sitt garnfiske har løyst fiskekortet for stongfiske. I fleire vatn har fjellstyret prøvt å stimulera til eit hardare fiske for å tynna ut fiskebestandane. M.a. gjeld dette to vatn ved fv 50; Vestredalsvatnet og Vetlebotnvatnet, der det er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. I desse vatna burde det liggja godt til rette for garnfiske av tilsette frå Steinbergdalshytta. Det vil og truleg vera råd å sjå på

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.8.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/20, side 2.

opplegg der tilsette på turisthytta får høve til å fiska i andre vatn ut frå § 11 i fiskereglane, som seier at fjellstyret kan setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der dette viser seg å vera naudsynt. Eg meiner det bør vera råd å få til eit opplegg i tråd med det som er omsøkt, viss fjellstyret set vilkår som dei det er synt til ovanfor.

Framlegg til vedtak:

Steinbergdalshytta får høve til å kjøpa eit sesongkort for garnfiske med 5 garn i statsallmenningen, på følgjande vilkår:

- Når den/dei som utøver fisket ikkje er busette i Aurland kommune, må fisket føregå i dei vatna som er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. Unnatak her kan avtalast med fjellstyret, dersom det skjer som ledd i tynningsfiske (§ 11 i fiskereglane).
- Kortet kan inngå i fiskelag med andre (§ 7 i fiskereglane).
- Den/dei tilsette som utøver fisket må og ha løyst sportsfiskekortet for statsallmenningen.

Fjellstyrekontoret, den 4.8.20

Harald Skjerdal

FISKEREGLAR FOR AURLAND STATSALLMENNING

1. Alle over 16 år må ha gyldig fiskekort.
Born under 16 år fiskar fritt med sportsfiskereiskap.
2. Utanbygdsbuande får kjøpt kort for stong- og oterfiske i alle vatn. Innanbygdsbuande kan i tillegg få kjøpt sesongkort for garnfiske. § 9 og §10 nedanfor opnar for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i nokre vatn.
3. Stong- og oterfiske er lovleg i alle vatn i statsallmenningen.
4. Det er ingen restriksjonar på kva moskevidder som kan nyttast. Garnlengd inntil 25 m.
5. Landfestet eller garnblåsa skal vera merkt med namnet til fiskaren.
6. I alle vatn i allmenningen som er opna for garnfiske kan det fiskast med inntil 5 garn per kort.

I følgjande vatn er det forbod mot garnfiske:

Vatna i Brubotn, vatnet ovanfor terskelen i Stemmerdalen

7. Ein og same fiskar kan kjøpa kort for inntil 5 garn. Det vert likevel opna for fiskelag med inntil 4 deltakarar, der ikkje alle treng vera aktivt med under fisket. T.d. kan ein deltakar i laget fiska med laget sin samla garnkvote.

Følgjande vilkår gjeld for fiskelag:

- laget må ha med seg godkjenningsskriv for fiskelag, utskrive av fjellstyret
- laget må kunna førevisa garnkort for så mange garn som det vert fiska med

8. Garnfiskarar skal levera fangstrappo til fjellstyret når sesongen er slutt.
9. Særskilte reglar for fiske i Storebotn, Aurland nordre statsallmenning:
I alle vatna i Storebotnvassdraget kan ein på sportsfiskekortet fiska med eit uavgrensa tal garn (21-26 mm vert tilrådd). I desse vatna er det opna for garnfiske for utanbygdsbuande.
10. Utanbygdsbuande kan få kjøpt kort for garnfiske i følgjande vatn: Vetlebotnvatnet, Vestredalsmagasinet og Katlamagasinet. Fjellstyret vil krevja at utanbygds garnfiskarar nyttar fjellstyret sine garn i desse vatna, for å unngå spreiling av sjukdomssmitte eller framande organismar.
11. Utan omsyn til bestemmelsane om moskevidder, garntal m.v. ovanfor, kan fjellstyret setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der dette viser seg å vera naudsynt.

Fiskereglane vart sist reviderte av fjellstyret i april 2017.